

Rapportering Ruinprosjektet Halsnøy kloster 2017

Anlegg:

Halsnøy kloster, ID 64166

Kvinnherad kommune, Hordaland fylkeskommune

Rapport for tilskot 2017



Synfaring i korsgangen april 2017. Foto: Sunnhordland museum.

Fagleg rapportering:

Sunnhordland museum blei sommaren 2017 tildelt inntil kr. 1 000 000 frå Riksantikvaren til konservering av Halsnøy kloster. Museet har disponert midlane etter nøye samråd med Riksantikvarens prosjektleiar Inger-Marie Aicher Olsrud.

Halsnøy kloster er del av Riksantikvarens ruinprosjekt. Det årlege ruinseminaret for faggruppa som er involverte i prosjektet blei halde på Halsnøy kloster 19.-20. april. Her blei tidlegare arbeid gjennomgått, i tillegg blei det diskutert kva arbeid som skulle gjerast i årets sesong.

Deltakarar på seminaret var:

- Øyvind Særsten, Helén Petersen, Tor Kaldråstøyl, Trine Kyvik, Per Øyvind Østensen, Helge Pedersen og Håvard Tvedte, alle frå Sunnhordland museum
- Toril Romsø og Terje Skåre, begge frå Venelaget for Halsnøy Kloster
- Rune Nilsen og Sverre Faugstad, begge frå Bergen kommune
- Regin Meyer, Norsk institutt for kulturminneforskning (NIKU)
- Inger-Marie Aicher Olsrud, Riksantikvaren



Synfaring i vestfløyen april 2017. Foto: Sunnhordland museum.

Oppgåver som er gjennomført ved Halsnøy kloster i 2017:

Ruinskjøtsel: Sunnhordland museum har ein lokal tilsett, Øyvind Særsten, i arbeid for å drive ruinskjøtsel ved Halsnøy kloster. Han held mellom anna området fri for vegetasjon. Særsten har òg assistert NIKU i feltarbeidet.

Korsgangen: Det er følgd opp med nytt arbeid i korsgangen òg i 2017. Arbeidet er utført av murarar frå Besteland mur og Bergen kommune, saman med arkeolog frå NIKU og tilsette frå Sunnhordland museum. Det er lagt drenering og heller, og det er bygd opp igjen sidemurar som var øydelegade. Det er òg laga skråplan på bakken frå korsgang mot tilbygget på klosterbygningen.

Inngang sørfløy: Arbeid er utført for å tryggja den store steinen som var laus ved inngangspartiet på sørfløyen. Grunnarbeidet med understein måtte gjerast på nytt, og no er steinen festa. Arbeidet blei utført av murarane frå Besteland mur og Bergen kommune.

Vestfløyen: Det blei bygd tak til murarane som held på å arbeida med murarbeid på vestfløyen. Det er òg reinska opp og gjort rekonstruering av muren. Arbeidet blei påbegynt av Besteland mur og skal gjerast vidare i 2018 med nye murarar. Ved inngangsparti er det rydda opp i murliv, gjort oppreinsking og det er murt opp på nytt. I tillegg har innleigde gartnarar fjerna røter i murliv.

Nordvestfløyen: Her er det gjort stort oppryddingsarbeid i heile rommet, det er planert og fylt på med grus for å få lagt skiferheller.

HC-parkering: Det er gravd ned armering til parkeringsplass for besøkande med funksjonsvanskar. Parkeringsområdet er fyllt med grov dreneringsmasse, eit tynt lag med vegggrus, armert grasarmering fylt med jord og deretter sådd gras (som gror fint). Resultatet er ein HC-parkeringsplass føre Fogderiarresten (ID 64166-7). Gode erfaringar frå dette arbeidet gjer at det kan vurderast bruk av grasarmering til gangsti i neste års oppgåver.

Brønnrom/kjellar: Klargjering av brønnrommet og kjellaren for ny formidling av både ruinkonserveringa og den unike brønnen blei prioritert hausten 2017. Det er rydda ut mykje rot, kalka murvegggar, lagd innreiing, flytta vatnpumpe og arbeidd med materiale til ny utstilling i 2018.

Eigen rapport frå murarar og NIKU føreligg ikkje og vil bli ettersendt.

Murarseminar i regi av Riksantikvaren i Sarpsborg: Sunnhordland museum deltok med to representantar på Riksantikvaren sitt svært gode murarseminar i oktober 2017.

Prosjektrekneskap 2017:

På grunn av uheldige omstende knytte til avtala med murarar som skulle gjera årets arbeid blei det gjort omdisponering i samråd med prosjektleiar. Det blei prioritert å få klargjort brønnrom, formidling av utgravingshistoria, (stille rom) og utrydding/klargjering av nordvestfløyen. I tillegg blei det gjort mykje administrativt arbeid for å finna gode løysingar for murararbeid i årets sesong (utan løysing) samt for framtidig sesong (god løysing).

Sunnhordland museum tilbyr alle som deltek i Ruinprosjektet gratis overnatting i det gamle herregardshuset på Halsnøy kloster. Dette er ein del av museet sitt bidrag inn i prosjektet. Det er gjort ei forbetring av brannvernet i hovudhuset slik at brannsjefen tillèt overnatting i huset.

Tiltak	Rekneskap 2017
Murararbeid - ruinkonservering	310 000
Ruinskjøtsel og assistanse NIKU/murararar	100 000
Administrasjonskostnader ruinprosjekt	20 000
Ruinseminar og kurs	25 000
Utstyr, tenester og transport	90 000
Tilrettelegging for HC-parkering	30 000
Arkeologi-oppfølging*	290 000
Klargjering av brønnrom og nordvestfløy**	240 000
Totalt	1 105 000

* 80 000 i minus frå 2016


** Omdisponering pga. uføresette forhold knytt til planlagd murararbeid. Planlagt å bruke 70.000,- til animasjonsinstallasjon og illustrasjon til utstilling/brønnrom, Arkikon har gitt skriftlig tilbud, og venter på tilbakemelding for igangsetting.

Regin-besøk i januar i forbindelse med utstilling/brønnrom er planlagt nå, og han har estimert utgiftene til 40.000,-

Det må også påregnes ekstra administrasjonskostnader i år grunnet mange uforutsette hendelser.

Sunnhordland museum ber om løyve til å overføre ubrukte midlar på kr. til ekstra prosjektleiing for 2017.

Stord 28. november 2017



Håvard Tvedte
Direktør, Sunnhordland museum